



Sakshandsamar:

Eli Nes Killingrød
E-post: eli.nes.killingrod@sfj.no
Tlf.: 91710788

Vår ref.

Sak nr.: 15/3323-8
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

21204/15

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 09.06.2015

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet 15.06 og fylkestinget 16.-17.06

FT-sak 25/15 - Tertialrapport 1/2015 - Tilleggsdokument

Revidert nasjonalbudsjett for 2015 vart lagt fram tysdag 12. mai. Her la regjeringa mellom anna opp til å styrke kommuneøkonomien med 1,1 mrd. kr som følgje av låg skatteinntang. 192,2 mill. kr er lagt på fylkeskommunane, resterande på kommunane. Vår fylkeskommune får 3,9 mill. kr av desse midlane.

I tertialrapporten, som vart sendt ut før vi kjende revidert nasjonalbudsjett, har vi stipulert skatte-svikten på omlag 4,5 mill. kr om føresetnadane vi har lagt til grunn held seg. Fylkesrådmannen har ikkje nedjustert skatteanslaget i si tilråding, men ber om å få kome attende til spørsmålet i T2/15.

Vidare er det kome melding om at regjeringspartia, Venstre og Krf mellom anna er samde om å auke ekstra tapskompensasjon til dei fylkeskommunane som taper mest på det nye inntekts-systemet. Auken på 10 mill. kr skal - etter det vi kjenner til - fordelast på same måte som dei ekstra 60 mill. kr som vart lagt inn i samband med budsjettforliket i november/desember 2014. Dette vil i så fall gje vår fylkeskommune ein auka tapskompensasjon på 3,750 mill. kr/år.

Stortinget hansamar revidert nasjonalbudsjett seinare i månaden.

Samla auke på omlag 6,6 mill. kr i rammetilskotet er noko over den skattesvikten vi førebels har stipulert på 4,5 mill. kr. Fylkesrådmannen legg som nemnd ikkje opp til å endre tilrådinga si no, men vil ev. få kome attende til dette i tertialrapport 2/15. Stortinget vil då ha gjort endeleg vedtak i høve revidert nasjonalbudsjett og vi vil ha betre oversikt over faktisk skatteinntang i 2015. Ev. overskytande midlar i høve svikt i skatteinntektene bør, slik fylkesrådmannen ser det, reserverast framtidige utfordringar i samband med det omstillingsarbeidet fylkeskommunen no står føre.

